

Vakre vårdagar

21.03.2009



Krokusen set farge på fine vårdagar.

Det strålande veret dei siste dagane har ført til at teikna på at våren er i kjømda kjem svært så tett. Både folk og natur vaknar frå vinterdvalen. Grønfargen vert skarpere, og stadig fleire fargar dukkar opp. Snøklokkene har for lengst fått selskap av nydelege og fargerike krokusar. I veikantane har hestehoven presentert seg med gulfargen sin.



Tid for båtpuss. Cristian og Mayliss ser fram til mange flotte dagar på sjøen.

I hagane er det aukande aktivitet med raking og rydjing. Vi kan sjå og kjenna lukta av røyk som stig som resultat av båtebrenning. Lukta fortel oss og at bøndene er i gang med vårarbeidet. Rapportane fortel også at lemminga er i gang i sauefjøsa, og dermed er det ikkje lenge før vi kan sjå dei første spretne lamma på bakkane.

I båthamna er det og meir aktivitet. Båtfolket ventar på at sesongen skal koma i gang, og det er tid for båtpuss. To av dei største båtentusiastane i bygda, Christian og Mayliss Stensletten, har brukt dei siste dagane til å klargjera den flotte katamanen sin for sesongen. No ventar det mange flotte dagar på bølgjan blå for både dei og resten av båtfolket. Då blir det liv i båthamna og i Uskedalen elles! Uskedalen.no er takksame om lesarane sender inn våreteikn.



Varmare årstider betyr liv og røre i den flott båthamna.